

ROTARY INTERNATIONAL

Youth Exchange Program
1990
District 2280 Norway



District Atlanta

U.S.A

Knut Hellandsvik

Brattholmneset 7
6270 Brattvåg,
Norway

Sponsor Club:

**Brattvåg Rotary
klubb**

Host Club:

Peachtree Corners Rotaryklubb

**MITT ÅR SOM ROTARY UTVEKSLINGSSTUDENT
I ALPHARETTA U.S.A.**

(1990-1991)



Eg hadde glede av å tilbringe eit år som Rotary-stipendiat i Athens, Georgia 1990 – 1991. Dette året var vi 66 studentar frå ulike delar av verda som fekk eit Georgia Rotary Student Program (GRSP) stipend. Det er rotarianarar frå distrikta 690, 691 og 692 som sidan 1946 har gitt stipend (som dekkjer reise, boutgifter, lommepengar og universitetskostnader) til ungdom som vil studere ved eit år ved eit universitet i staten Georgia i Sør-Austlige USA. Vi var fordelte på ti ulike universitet, frå små, private kvinnecollege til dei store statsuniversiteta. Kvar enkelt student har ein eller fleire sponsorklubbar som har valgt sin eigen Rotarystudent for studieåret.

Min sponsorklubb var Peachtree Corners Rotary Club som held til i forstaden Alpharetta – rett nord for Atlanta. Det var ein svært gåvmild klubb som mellom anna disponerte ein bil som eg kunne bruke i løpet av året, dei spanderte og ein juleferie til Cancun, Mexico. Min vertsfamilie, Mike og Andi McCarthy, tok i mot meg med åpne armer, og eg følte meg heime frå første dag. Eg fekk eit svært nært forhold til vertsfamilien min, og eg har besøkt dei fleire gonger etter studieåret var over. Dei har tvillingdøtre på min alder som begge gjekk på same universitet som meg; University of Georgia (www.uga.edu). Begge var mellom dei beste i landet i tennis og tilbragte mykje av universitetstida i trening og på reisefot mellom ulike turneringar. Den svenske tennisspelaren Mikael Pernfors spelte forresten tennis for det same universitetet. Tennistreninga frå skuleplassen på Brattvåg barneskule var ikkje nok til å by på noko særleg konkurranse for ”tvillingsøstrene” mine.

Med sine 30.000 studentar er University of Georgia i Athens det største universitetet i staten. Det var naturleg nok ein overgang frå Haram vidaregåande skule. Til eksempel tok fotballstadion 90.000 menneske og var nesten alltid full når det var heimekamp for skulelaget. Vi var 15 rotary-studentar på dette universitetet som kvar einskilt budde på dormitorium med amerikansk romkamerat. Eg tilhørde ”the School of Business Administration” og tok allmenne fag med ein fokus på økonomi. Sjølv om business-skulen er sett på som ganske bra, må eg seie at nivået var ikkje spesielt høgt. Ein god allmenn utdanning frå norsk vidaregåande skule er god førebuing. Spesielt med gode lærarar som Sindre Vik, Oddleif Tolås og Arne Vågnes. Det var mykje tid til utanomakademisk aktivitet slik som idrett, reise og festlege arrangement. Athens er forresten heimbyen til popgrupper som REM, Indigo Girls og B52 – noko som prega utelivet. Andre kjendisar som vaks opp i byen inkluderer Kenny Rogers, Julia Roberts og Kim Basinger.

Ved sidan av studia reiste vi alle rotarystudentane mykje rundt om i sørstatane. Gjennom året har vi ein 7-8 samlingar, der ulike rotaryklubbar arrangerer programfylte helger. Under slike arrangement budde vi med familiar, noko som ga oss ein unik sjanse til å oppleve ”the American way of life”. I tillegg til dei offisielle samlingane vart det også tid til reise av ein meir uformell karakter, slik som seiltur i Bahamas, biltur til Florida, og New Orleans. Eg avslutta året med ein køyretur frå Atlanta til Los Angeles og fekk da god tid til å oppleve litt av mangfaldet som USA har å tilby – både kulturelt og geografisk.

For meg var året i Georgia ein fantastisk oppleving som eg ikkje ville ha vore forutan. Eg vart kjend med mange menneske med ulik nasjonalitet, bakgrunn og interesser - mange av dei har eg framleis kontakt med. Det var starten på 8 eventyrlege år i USA som inkluderte siviløkonomstudiet på Wharton i Philadelphia, eksportstipendiat frå Norges Eksportråd i New York og Fulbright stipend ved Stanford Graduate School of Business i California. Ein skal sjølv sagt ikkje generalisere alt for mykje, men eg fann amerikanerane veldig gjestfrie og vennlige. Ressurssterke personer har ein høg ansvarskjensle og eit stort engasjement til å hjelpe

andre. Det er denne dugnadsånden til rotarianerne i staten Georgia som har holdt liv i dette utrullede sjenerøse programmet i snart 60 år og i løpet av disse åra gitt 2600 studentar frå over hundre ulike land ein unik sjanse til å utvide sin horisont og forhåpentlegvis auka internasjonal forståing. Eg er veldig takksam for at eg fekk sjansen til delta i dette unike programmet.

Eg vil også takke Brattvåg Rotary Klubb og mine foreldre for støtta gjennom året. Mine foreldre, Svein og Grethe Hellandsvik, har hatt fleire internasjonale rotary studentar buande heime hos seg dei siste femten åra.


For ytterlegare informasjon om GRSP, gå inn på www.grsp.org. Eg vil sjølvstans anbefale dette stipendet på det sterkaste til alle som kan tenke seg eit utrolig lærerikt år i USA.

Ved sidan av studia reiste vi alle rotarystudentane mykje rundt om i sørstatane. Gjennom året har vi ein 7-8 samlingar, der ulike rotaryklubbar arrangerer programfylte helger. Under slike arrangement budde vi med familiar, noko som ga oss ein unik sjanse til å oppleve "the American way of life". I tillegg til dei offisielle samlingane vart det også tid til reise av ein meir uformell karakter, slik som seiltur i Bahamas, biltur til Florida, og New Orleans. Eg avslutta året med ein køyretur frå Atlanta til Los Angeles og fekk da god tid til å oppleve litt av mangfaldet som USA har å tilby – både kulturelt og geografisk.

For meg var året i Georgia ein fantastisk oppleving som eg ikkje ville ha vore forutan. Eg vart kjend med mange menneske med ulik nasjonalitet, bakgrunn og interesser - mange av dei har eg framleis kontakt med. Det var starten på 8 eventyrlege år i USA som inkluderte siviløkonomstudiet på Wharton i Philadelphia, eksportstipendiat frå Norges Eksportråd i New York og Fulbright stipend ved Stanford Graduate School of Business i California. Ein skal sjølvstans ikkje generalisere alt for mykje, men eg fann amerikanerane veldig gjestfrie og vennlige. Ressurssterke personer har ein høg ansvarskjensle og eit stort engasjement til å hjelpe andre. Det er denne dugnadsånden til rotarianerne i staten Georgia som har holdt liv i dette utrullede sjenerøse programmet i snart 60 år og i løpet av desse åra gitt 2600 studentar frå over hundre ulike land ein unik sjanse til å utvide sin horisont og forhåpentlegvis auka internasjonal forståing. Eg er veldig takksam for at eg fekk sjansen til delta i dette unike programmet.

Eg vil også takke Brattvåg Rotary Klubb og mine foreldre for støtta gjennom året. Mine foreldre, Svein og Grethe Hellandsvik, har hatt fleire internasjonale rotary studentar buande heime hos seg dei siste femten åra.

For ytterlegare informasjon om GRSP, gå inn på www.grsp.org. Eg vil sjølvstans anbefale dette stipendet på det sterkaste til alle som kan tenke seg eit utrolig lærerikt år i USA.



Frå min første og mest sannsynlig siste erfaring som folkedansar på eit amerikansk kjøpesenter saman med dei andre norske rotary studentane ved University of Georgia; f.v. Solrun Skjellum, Knut Hellandsvik, Evelyn Staurset og Øystein Bogen



Frå tennisbana der eg (t.v.) i Georgia, tilbragte mykje tid, saman med ein dansk ven, Morten Rishoj (t.h.)